



Majo Eigedom AS
Lindåsvegen 154
5916 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/560 - 21/12103

Saksbehandlar:
Are Frøysland Grande
are.froysland.grande@alver.kommune.
no

Dato:
23.02.2021

Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 196/30 Midtgård

Tiltak: riving av fritidsbustad
Byggjestad: Gbnr: 196/30
Tiltakshavar: Majo Eigedom AS
Ansvarleg søkjar: Majo Eigedom AS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 20.01.2021.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Det ligg ikkje føre fullmakt eller kvittering for at heimelshavar er varsla om tiltaket. Dette må fylgje med søknaden om riving.
2. Det må leggjast med kvittering for at dei som har pengehefter i eigedomen er vasla. Eventuelt ei stadfesting frå søkjar om at det ikkje er pengehefte i eigedommen som har innverknad på omsøkte tiltak.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan **24.03.2021**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbagemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Are Frøysland Grande
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Majo Eigedom AS
Majo Eigedom AS

Lindåsvegen 154
Lindåsvegen 154

5916 ISDALSTØ
5916 ISDALSTØ